

ÅRSMELDING FOR FRIBERG KINO 2003

Friberg kino er ein av aktivitetene til Balestrand ungdomslag .

Besøktal 2003

Friberg Kino hadde i 2003, 3919 besøk (3035 vaksne og 884 born). Herav hadde norske filmar 928 besøk, og skule/barnehage 514 besøk. Det vart vist 68 filmar, og 135 framsyningar. Billettinntektene for 2003 var kr 164.990. Året 2003 vart såleis eit godt år.

Dei 10 best besøkte filmene:	
- Film -	Besøk
1. Bowling for Columbine	241
2. Ringenes Herre - 2 tårn	154
3. United	153
4. Pirates of the Caribbean	150
5. Matrix Reloaded	146
6. Kvinnen i mitt liv	138
7. Mors Elling	130
8. Oppdrag Nemo	125 (kjem att i '04)
9. 007 - Die Another Day	124
10. Gutten som ville være bjørn	105

Styret og dugnadsgjeng:

Leiar og kasserar: Merete Sande, BUL
Nestleiar: Monica Bondevik Dale, BUL
Styremedlem frå utval for plan og utvikling: Odd Atle Linde
Kinosjef Marianne Hoff er sekretær for styret.
Varamedlem: Lars Sjøtun
Styret har hatt 1 møte.

Faste medarbeidarar:

Marianne Hoff og Merete Sande har delt på kinosjefarbeidet.
Merete har elles vore økonomiansvarleg og maskinist.
Kari Kvikne har vore maskinistvikar.
Monica har hatt hovudansvaret for å skaffe snop, men har hatt permisjon frå snopsalet.
Ungdomsgruppa som har vore med i snopsal, som dørvakter og i ryddinga:
Før sommaren: Astrid Ro, Grete Olin Engan, Kristine Harlem og Kjartan Eldevik.
Etter sommaren: Grete Olin Engan, Ina Borlaug, Kristine Harlem, Kjartan Eldevik, Arin Menes, Marius T. Sande, Gustav E. Nesse, Frank Sande og Amanda Sundby Hoff.
Alle har hatt ansvar for å drive reklame for filmene.

Viktige sider ved kinodrifta i 2003

A. Representasjon:

Merete deltok på årsmøtet til Balestrand Bygdahus P/L.

Kinosjef Marianne Hoff, som leiar av Norsk kinoforbund (NKF) og Merete Sande, som leiar av valnemnda deltok på NKF sitt årsmøte under Filmfestivalen i Haugesund.

Marianne var delegat på Film & Kino (tidlegare Kommunale kinematografers landsforbund (KKL) / Norsk kino- og filmfond) sitt landsmøte i Oslo i juni.

Marianne er medlem i Norske kinosjefers forbund og deltok på årsmøtet deira i mars.

B. Deltaking på filmtreff og festivalar

Merete og Marianne deltok på dei fleste filmtreffa som Film & Kino arrangerte i 2003. På filmtreffa i februar og oktober (vinter- og haustferietid) har representantar for ungdomsgruppa delteke på filmtreff.

Friberg kino fekk stipend på kr. 5.000,- frå Norske kinosjefers Forbund (enno ikkje utbetalt) for å delta på Barnefilmfesten i Kristiansand. Frå kinoen reiste Amanda og Marianne Hoff og Frank og Merete Sande. Til saman såg vi dei fleste filmane i hovudprogrammet.

Marianne og Merete deltok på Filmfestivalen i Tromsø i januar og på Filmfestivalen i Haugesund i august. Film & Kino gir reise- og opphaldsstøtte minus eigenandel for ein frå kvar kino.

Norsk kinoforbund dekker eigenandelen til Marianne grunna kombinasjon med styremøter. Marianne fekk dekkja 3 døger i Haugesund som gjest.

Kort vurdering: Deltaking på filmtreff og festivalar er avgjerande for å kunne velje og «selje» film til publikum lokalt. Kontakten med m.a. kollegaer i kinobransjen og filmsjefane i byråa er uvurderleg. Medarbeidarar vel difor slike arenaer framfor å ta ut løn / godtgjersle. Støtte/ refusjon frå ovannemnde instansar gir mindre utlegg på kinoen.

C. Filmtilbodet

Friberg Kino kan vise til fylgjande tal for dei siste åra:

ÅR	BESØK	VAKSNE *)	BORN	INNTEKTER	TAL FILMAR	FRAMSYNINGAR
2003	3919	3035	884	164.990,-	68	135
2002	3163	2319	844	134.945,-	59	93
2001	4078	3350	728	162.710,-	73	113
2000	3695	2688	1007	137.075,-	73	105
1999	3414	2653	761	126.205,-	62	95

*) I tal vaksne er det innrekna også born og ungdom på kveldsframsyningar med start seinare enn kl.1800.

Året 2003 vart såleis eit godt år: Det viser ein auke på 756 i totalt besøkstal i høve fjoråret, men nådde ikkje heilt talet for 2001 på 4078 besøk.

Norske filmar hadde eit besøk på 928, og skule/barnehage 514 besøk.

Det vart vist 68 filmar, og 135 framsyningar.

Vi gjennomførde Sommarkino- kampanje i 2003 (ikkje i 2002 grunna oppussing).

D. Skulekino:

- Den store skulekinodagen

blei arrangert for første gong onsdag 22. oktober. Arrangementet er landsdekkande, og blei óg markert i Balestrand. Totalt var 403 elevar og lærarar innom denne dagen.

(Besøket på skulekino i fjor var på totalt 67 besøkande).

Dette ga ei inntekt på kr. 1200,- i fjor (kr. 4.275,- for 2001).

For å få til arrangementet måtte vi søke Balestrand Ungdomsråd om tilskot.

Programmet for Den store skulekinodagen:

Tom & Thomas for 4 –7 klasse

Gutten som ville være bjørn for 1. –3.klasse.

Bowling for Colombine for 8. –10.klasse + 1.- 3 kl. på Sygna vidaregåande.

Vurdering:

Vi vonar at dette var så vellukka at vi kan få til faste opplegg med skulane for seinare år, der skulane har sett av midlar på eige budsjett til slike tiltak.

Etter den nye mønsterplanen og med Den kulturelle skulesekken, bør det vere sjølsagt med bruk av film på kino i undervisninga.

Dette er eit servicetilbod frå kinoen som vi tykkjer er viktig å tilby.

E. Den store kinodagen

Vi starta med kakelotteri og reklame for filmene på Holmatunet og COOP i dagane før den store kinodagen.

Det lokale arrangementet laurdagen la vekt på filmen og mindre på andre aktivitetar i år som i fjor.

Vi satsa på filmar for alle aldrar og med hovudvekt på nye norske filmar.

Vi opna kl.11.00 med kafé i Vetlesalen. Her serverte vi kaffi,te, kake,vaflar, snop og popcorn og etterkvart også pizza fram til siste film starta kl.21.00.

Vel ein halv time før midnatt avslutta vi dagen. Då hadde publikum hatt følgjande filmmeny:

DEN STORE KINODAGEN

Natt til DSK dvs. fredag 31.okt. (Halloween)

Kl. 22.30 BAD BOYS 2 Amerikansk actionkomedie 15 år

Frårådd unge under 15 år! Speletid: 2t 26 min

Laurdag 1. november:

Kl. 11.00 UNITED Norsk romantisk komedie Alle

Kl. 13.00 MORS ELLING Norsk drama / komedie (7 år) U/V

Kl. 14.30 KVINNEN I MITT LIV Norsk romantisk komedie (7 år) U/V

Kl. 17.00 og kl. 19.00 OPPDRAG NEMO

Førpremiere på amerikansk animasjonsfilm 7 år

Kl. 21.00 THE ITALIAN JOB Amerikansk actionfilm (11 år) U/V

Privat videofilm: 12 månader i Holmen

Kjetil Bakken har filma i og rundt Holmen i perioden 11.05.2002-31.05.2003.

I tillegg: klipp frå opninga av Nye Kreklingen Stadion.

Denne filmen vart vist gratis heile dagen på eit TV-apparat i Vetlesalen, der det òg var kiosk-sal.

Speletid: 1t 30 min

Evaluering av dagen:

Vi satsa friskt på ny rekord, men nådde ikkje heilt målet.

Tilsaman kom 357 personar på kino denne dagen mot 238 året før.

Billettinntektene vart på kr. 9.990,-!

Det var populært med trekning av gevinstar på inngangsbilletten.

Det er viktig å ha minst ein rykande fersk film denne dagen. For å få dette til må vi halde fram samarbeidet med nabokinoane.

Det er uviss kor mange besøkande vi "misser" grunna fleire framsyningar av filmane før/etter DSK.

Små kollisjonar med andre arrangement kan få relativt store utslag.

Vi satsar friskt også kommande haust.

F. PR-arbeidet:

Foldaren vår har tidlegare gått ut i posten til alle husstandar 4-6 gonger i året. Dette vart for dyrt for oss, då annonsene berre dekkja trykkeutgiftene.

Som eit alternativ prøvde vi 2-3 gonger å nytte nokre ungdomar til å køyre rundt og levere foldaren i postkasser. Dette fungerte dårleg. Foldarane vert spreidde til t.d. butikkar, frisørsalongar, legesenter, Sygna..

Viktige PR-måtar i tillegg til foldaren:

Oppslagstavla på Holmatunet og i døra på Balestrand Bygdahus og oppslag rundt om på viktige bygningar /treffplassar.

Vi nytta Firda avis "Det skjer" i vårsesongen, medan Sogn Avis har vore viktig for å få ut informasjon både gjennom redaksjonelt stoff og ikkje minst gjennom annonser etter spesialavtale! (Vi har gratis annonser hjå dei dvs. inntil 20.000 kr. og dei har gratis annonsering på kinoen.)

Dessutan har vi framleis nytta «munn-til-munn»-metoden; antakeleg til det kjedsommelege for våre medmenneskje...

Oppslag i avisene i 2003:

11.01	Sogn Avis (SA)	Magi lokkar sogningar på kino
04.02	Ytre Sogn (YS)	Filmleigeavtalen må halde fram (NKF)
13.05	YS	Noregspremiere på Friberg kino
15.05	SA	Premiere på Friberg kino
07.10	YS	Sterkt haustprogram på Friberg kino
13.11	SA	Omtale i Nett no
10.12.	SA	Siktar mot ny rekord

F. Økonomi:

Grunnlaget for kinoen er, forutan billettinntektene, stor dugnadsinnsats og tilskot frå Balestrand kommune (kr.30.000,-), Sparebanken Sogn og Fjordane pluss støtte frå lokale næringsdrivande gjennom reklame på kinoen og på filmprogrammet.

2003 vart eit år prega av langsiktige investeringar og ein liten oppgang i besøket.

G. Nettsida www.friberg.tk og wap-teneste

Frå hausten har vi hatt eiga nettside laga og drive av Kjetil Bakken. Sidan starten og til nyttår har sida hatt om lag 400 besøk. Dette er ein bra start på noko som kan bli særskild viktig for kinoen. Vi ynskjer oss fleire brukarar også i "gjesteboka".

Vi har dessutan wap-teneste, men dette er lite nytta til no, men kan bli eit hendig verktøy for å få ut informasjon.

H. Dokumentasjon

Vi har starta arbeidet med å dokumentere historia til kinoen, m.a. gjennom intervju med tidlegare kinosjef og maskinist Ola E. Grøneng og med Andreas Linde. Vi satsar på å få samla meir materiell som kan dokumentere drifta av Friberg kino gjennom over 50 år, inkl. intervju med veteranar og publikum for å få fram spennande historisk stoff.

KONKLUSJON

Vi nådde målet vårt for 2003 om å oppretthalde kinoen og endte opp med auke både i publikumstalet og i billettinntektene.

Det beste som hende kinoen i året som gjekk var at vi fekk behalde det kommunale tilskotet på 30.000 kroner. Dette var oppmuntrande for oss.

Born og unge er dei viktigaste målgruppene våre. Det var difor gledeleg at besøket på barne- og familiefilmar auka i året som gjekk.

Balestrand mars 2004

Marianne Hoff
kinosjef & skriivar

PLAN FOR ARBEIDET VIDARE:

Mål: Å oppretthalde og styrke eigen kino i Balestrand.

Vi meiner det framleis er viktig for eit lokalsamfunn som Balestrand å ha ein eigen kino i bygda - der profilen og drifta vert styrt lokalt.

Viktige støttespelarar / samarbeidspartar:

a) lokalt:

Balestrand kommune – med m.a. årleg tilskot

Balestrand Ungdomsråd – med t.d. samarbeidsprosjekt

Sparebanken Sogn og Fjordane med m.a. årleg tilskot

Kinoane i regionen – samarbeid kring fersk film / kvalitetsfilm /vurdere felles marknadsføring..

Balestrand Bygdahus P/L ,som syter for at huset er tenleg for kinodrift
(Det er dessutan viktig for drifta av huset å ha kinoen der.)

b) sentralt

Film & Kino – som har forhandla fram avtalar med filmbyråa (minus UIP)for dei mindre kinoane etter at den kollektive filmleigeavtalen fall vekk i året som gjekk.

Norsk kinoforbund – med stipend m.v. til småkinoane

Norske kinosjefers forbund

Prioriterte oppgåver framover for Friberg kino:

1. Styrke drifta gjennom

* oppretthalde kommunalt tilskot til kinoen.

* auka satsing på kinoreklame (slides) frå det lokale næringsliv

* oppretthalde og styrke kontakten med lokalavisene.

• årleg deltaking i opplegga til Sommarkinokampanjen, Den store skulekinodagen og Den store kinodagen.

• etablering av faste ordningar kring desse kampanjane

• skulere / stimulere kontaktpersonar for skulefilm / barnehageframsyningar.

* opprusting og vidareutvikling av Bygdahuset i samarbeid med styret for huset: inkl. å jobbe vidare for å få frigjort rom til nettkafé og videoverkstad i Bygdahuset.

2. Dokumentere historia til Friberg kino gjennom

* å samle skriftleg materiell som kan dokumentere drifta gjennom over 50 år,

• intervju veteranar og publikum for å få fram spennande historisk stoff.

• Etterlyse billetmateriell, evt. filmmateriell

Vi reknar m.a. Balestrand Sogelag, Balestrand Pensjonistlag, Sagatun barne- og ungdomsskule og Sygna vidaregåande skule som aktuelle medspelarar.

Alt dette, saman med stor dugnadsinnsats, kan gjere kinoen liv laga framover.

